

Til Kultur- og likestillingsdepartementet

Vågå, 18.2.2025.

Høyringsinnspel til forskrift om Regionale kulturfond

Studieforbundet er svært glade for at forskrift for Regionale kulturfond kjem, og takkar for høvet til å kome med kommentarar og synspunkt.

Vi vil gjerne kommentere tre område;

1. At de frivillige kulturorganisasjonane får reell medverknad
 2. At tilskotet blir brukt til aktivitet og samarbeid
 3. At regionale kulturfond ikkje erstattar eksisterande midlar
-
1. **Vi understrekar behovet for medverknad.** Vi set som vilkår at kompetansen til dei frivillige kulturorganisasjonane i regionen blir verdsett og høyrd. Døme på dette kan vera at ein regional kulturkrins eller eit fordelingsutval frå kulturfrivilligheita blir høyrde i avgjerder om tilskotsfordeling. Vi set stor pris på at forskrifta krev offentleg utlysing, og krev årleg rapportering på fordeling og måloppnåing frå kvar fylkeskommune. Det gir eit godt grunnlag for å vurdere ordninga, og for å justere forskrifta og løyvingane i åra som kjem. Ein slik kvalitetssirkel heng godt saman med at forslaget til ny kulturlov inneheld krav om planar for utvikling av feltet. Vi meiner at bruk av fondsmidlane må forankrast i desse planane. Det er naturleg at tilskotsordningar skal dra nytte av regionale vurderingar og kompetanse når midlane blir fordelte og forvalta. Samstundes er det viktig å sikre prosessen, slik at nok kompetanse og ulike stemmer får bidra i avgjerdene. Dei frivillige kulturorganisasjonane samarbeider godt og leverer god kompetanse. Med kravet om systematisk medverknad frå kulturfrivilligheita, peikar vi her på etablering av regionale kulturkrinsar som ei felles stemme. Vi støttar òg at eit tilskotsutval ikkje må belaste ordninga unødig. Fylkeskommunen kan velje, beskrive og rapportere på gode modellar for slik medverknad.
 2. **Tilskotet blir brukt til aktivitet og til samarbeid.** Ei hovudårsak til det store engasjementet for regionale kulturfond har vore at mange eksisterande tilskot har avgrensingar som gjer det vanskeleg å få støtte til aktivitetar der samarbeid mellom frivillige og profesjonelle er viktig. Vi er glade for at forskrifta løftar fram slikt samarbeid. Vi meiner også at når dei frivillige kulturorganisasjonane skal medverke, må det finnast ein struktur. Vi meiner at tilskotet skal kunne nyttast både til aktivitet og å sikre medverknad gjennom finansiering av strukturane. Feltet er i ferd med å bygge opp samarbeidsstrukturar både innanfor nettverk for kulturvern og gjennom regionale kulturkretsar, og musikkorganisasjonane samarbeider allereie godt i Norsk Musikkråd. Desse må kome i posisjon til å vera reelle ledd for medverknad, dei er representative og har kompetanse på behov. Om det ikkje ligg eit minimum av ressursar og strukturar i botnen i fylket, gjer det det nærast umogleg å få til samarbeid og medverknad i det heile.

3. **Regionale kulturfond skal ikkje erstatte midlar og ordningar som allereie eksisterer.** Vi meiner det er viktig at dei regionale kulturfonda kjem som eit reelt tillegg til eksisterande tilskot fylkeskommunen allereie har. Kulturfonda kan lett bli ein salderingspost i krevjande budsjettprosessar i fylkeskommunane. Vi meiner forskrifta må innrettast slik at det ikkje skjer.

Vågå 20.02.2025
Med beste helsing
Studieforbundet kultur og tradisjon

Kjærsti Gangsø
Dagleg leiar



Torunn Elise Kveen
Kommunikasjonsrådgjevar

